

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 20.08.2018
Vår ref.: 2017/17236-5
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Fv 409 - gnr 24 bnr 22, 66 og 211 m.fl. - Områdeplan for Bø skule og barnehage - Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt for kulturminnevern.

Me visar til innsendte dokumentasjon i saka. Etter at me gav vårt fråsegn knytt til oppstart av reguleringsplan for Bø datert 30.11.2017, er plangrensa utvida til også å gjelde del av gnr. 24, bnr. 22 sør for Radøyvegen. Me kan ikkje sjå å fått melding om utviding av planområdet før den kom på offentlig ettersyn. Ut frå potensial for nye funn frå bronselader og jernalder, må me gjennomføre ei synfaring før me kan gje fråsegn til planen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om et er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaring av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.